



Fræna Beitelag v/Atle Moen

6440 ELNESVÅGEN

Løyve til felling av gaupe i den søre delen av Fræna kommune - presisering

Vi viser til fellingsløyve gitt i brev av 12.08.2014.

13.08.2014 sende du førespurnad på SMS om Endre Lyngstad (deltakar i fellingslaget) kan nytte gaupebåsen som han hadde godkjenning for å nytte under årets gaupejakt under det pågåande fellingsforsøket.

Båsen ligg innafor det godkjende fellingsområdet. Endre Lyngstad som fekk godkjent drifta av denne båsen for 2014 ved vedtak i vårt brev av 10.02.2014 er med på fellingslaget. Vi opnar difor for at han kan nytte båsen på tilsvarende vilkår som under den ordinære jakta. Vi vil spesielt peike på følgjande vilkår:

- Pålagt tilsyn på staden morgon og kveld skal loggførast med dato, klokkeslett og namn på den som har sett etter båsen.
- Tilsynsloggen skal takast vare på til 15.11.2014, og skal visast fram for politiet, SNO eller Fylkesmannen i Møre og Romsdal dersom dei ber om det.
- Når båsen er stengd og følgjeleg ikkje blir sett etter morgon og kveld, skal stenginga skje på ein så grundig og robust måte at det er vanskeleg og tidkrevjande for uvedkomande å opne båsen for fangst.

Dette vedtaket kan påklagast innan tre veker frå den dagen dette brevet kom fram; jf. forvaltningslova kap. IV, §§ 28 og 29. Ei eventuell klage bør grunngivast og skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Med helsing

Ulf Lucassen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Ola Betten

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Fræna kommune		6440	Elnesvågen
Lensmannen i Fræna	Torget 8	6440	ELNESVÅGEN
Statens naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Endre Lyngstad	Torvplassen 6	6409	MOLDE